

# 2019

KVARTALSRAPPORT 31.3.2019



### Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen er ved utgangen av mars 2019 på 5.921,8 MNOK mot 5.703,4 MNOK på same tid i fjor. Dette er ein auke på 3,83 %. Banken har pr. 31.03.19 eit volum på 1.525,5 MNOK i SpareBank 1 Boligkreditt AS. Når ein reknar med dette, er forvaltningskapitalen på 7.447,3 MNOK. Dette er ein auke på 314,4 MNOK sidan 31.03.18. Dette tilsvarar 4,41 %. Sidan nyttår er denne auken på 62,5 MNOK eller 0,85 %.

### Innskot

Innskot frå kundar har dei siste 12 månadane auka med 247,7 MNOK som tilsvarar 6,00 %. Sidan nyttår har vi hatt ein auke i innskot på 0,42 %. Innskot frå kundar er nå 4.374,5 MNOK.

### Utlån

Utlåna har sidan mars 2018 hatt ein auke på 418,6 MNOK til 5.075,3 MNOK. Dette gjev ein vekst i utlåna på 8,99 %. Vekst inklusiv boligkreditt er på 8,46 %. Sidan nyttår er utlån inklusive boligkreditt omtrent uforandra.

### Driftsresultat

Resultat av ordinær drift før tap og skatt er ved utgangen av mars 2019 på 17,3 MNOK. På årsbasis utgjer resultatet 1,18 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. På same tid i fjor var det 14,5 MNOK som da utgjorde 1,04 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Etter skatt og tap har vi eit resultat på 9,8 MNOK, som utgjer 0,67 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Ved utgangen av mars 2018 hadde vi eit resultat på 10,6 MNOK. Dette utgjorde 0,77 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Netto rente- og provisjonsinntekter utgjer 28,5 MNOK. På årsbasis blir dette 1,95 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For tilsvarande periode i fjor utgjorde rente- og provisjonsinntektene 24,7 MNOK og 1,77%. Den største endringa her kjem frå auka renteinntekter frå utlån.

Utbytte utgjorde pr. 1. kvartal 0,87 MNOK, medan det på same tid i fjor var 1,90 MNOK.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester har gått ned med 0,8 MNOK til totalt 8,9 MNOK. Av dette er 2,5 MNOK provisjonar frå SpareBank 1 Boligkreditt som er ein reduksjon på 0,9 MNOK frå i fjor.

Pr. 1. kvartal 2019 hadde vi netto verdiendringar på verdipapira på 2,2 MNOK.

Lønn og generelle administrasjonskostnader har auka frå 17,4 MNOK i 1. kvartal 2018 til 18,0 MNOK i 1. kvartal 2019. Andre driftskostnader er på 3,6 MNOK, som er ein reduksjon frå 4,5 MNOK i fjor.

Sum driftskostnader utgjer 1,53% rekna av gjennomsnittleg forvaltningskapital, som er ein nedgang frå 1,64% den 31.03.18. Driftskostnader i prosent av driftsinntekter (ekskl. verdiendringar på verdipapir) er på 59,71%. Dette er ein reduksjon frå 63,41% på same tid i fjor.

Ved utgangen av mars har banken bokført tap på 4,5 MNOK. Nedskrivning på individuelle og grupper av utlån er ved utgangen av mars 31,9 MNOK, og nedskrivning på garantiar er på 0,2 MNOK.

### Soliditet og kapitaldekning


Banken har ein god soliditet med ei kapitaldekning på 20,46%. Rein kjernekapital er på 19,12%. Etter høvesvis konsolidering med selskap i samarbeidande grupper har vi kapitaldekning på 20,49%, kjernekapitaldekning på 19,02% og rein kjernekapitaldekning på 18,76%. Vi viser elles til kapitaldekningsnota.

Opparbeidd overskot hittil i år er ikkje med i kapitaldekningsutrekninga.

Eigenkapitalen medrekna overskotet hittil i år er på 841,5 MNOK

### Likviditet og finansiering

Vi har ein stabil og god likviditet, og LCR ved utgangen av mars er på 158%. Banken har følgjande forfallsstruktur på obligasjonsgjelda:



Tal i mill. kroner

■ = Ansvareleg lån

## Forsikringsfusjon

Fremtind Forsikring AS vart 1. januar 2019 eit resultat av fusjonen mellom SpareBank 1 Skadeforsikring AS og DNB Skadeforsikring AS. I transaksjonsavtalen vart det lagt til grunn eit bytteforhold på 80 prosent for SpareBank 1 Skadeforsikring AS og 20 prosent for DNB Skadeforsikring AS. DNB ASA kjøpte seg opp i januar 2019 til ein eigardel på 35 prosent i selskapet. DNB ASA har vidare ein opsjon på å kjøpe seg opp til 40 prosent eigardel. Opsjonen går ut 31. mars 2020.

DNB ASAs oppkjøp frå 20 prosent til 35 prosent eigardel i Fremtind Forsikring AS medførte at SpareBank 1 Gruppen AS (morselskapet) har fått ein skattefri gevinst på ca. 1,7 milliardar kroner.

Denne gevinsten vart utdelt som ekstraordinært utbytte til eigarane 29 mars 2019. Utbytte er utbetalt til Samarbeidende Sparebanker AS og vil bli utbetalt til eigarbankane i Samarbeidende Sparebanker AS i løpet av andre kvartal 2019. SpareBank 1 Lom og Skjåk sin del av dette utbyttet utgjer omlag 25 millionar kroner.

Fremtind Forsikring AS har per dags dato ikkje fått konsesjon til å overføre personforsikringsprodukta frå SpareBank 1 Forsikring AS og DNB Livsforsikring AS. Det er venta at desse produkta blir overført til det nye dotterselskapet Fremtind Livsforsikring AS i løpet av 2019, etter endeleg godkjenning frå Finanstilsynet

## Endra eigarskap i BN Bank ASA og SpareBank 1 Næringskreditt AS

Som varsla i børsmelding den 28. februar 2019 har SpareBank 1-bankene inngått ein avtale om

endra eigarmodell i BN Bank ASA medrekna fordeling av B-aksjane i SpareBank 1 Næringskreditt AS, ved at enkelte av eigarane i dag får endra eigarskap på same tid som SpareBank 1 Østlandet kjem inn som ny eigar.

I samband med transaksjonane sel SpareBank 1 Lom og Skjåk 105.589 aksjar i BN Bank ASA og 52.077 B-aksjar i SpareBank 1 Næringskreditt AS. I sum medfører dette at SpareBank 1 Lom og Skjåk sel aksjar for totalt 37,6 MNOK. SpareBank 1 Lom og Skjåk vil etter dette ikkje ha eigarinteresser i BN Bank ASA, eller eige B-aksjar i SpareBank 1 Næringskreditt. Dette vil utløyse ein gevinst på om lag 25 millionar kroner for SpareBank 1 Lom og Skjåk, vi reknar med at dette vil bli utbetalt i løpet av 2. kvartal 2019.

## Utsiktene framover

I mars sette Norges Bank opp renta for andre gong sidan i fjor sommar. Dei fleste bankane har fylgt opp dette med å setje opp rentene på innskot og utlån. Det har også SpareBank 1 Lom og Skjåk gjort. Vi reknar med at den siste renteendringa skal kunne bidra til ein styrka rentenetto i tida som kjem, etter at den i ein lang periode nå har gått nedover.

Folketalsnedgangen og den demografiske utviklinga i Nord-Gudbrandsdalen, auka konkurranse både frå eksisterande og nye aktørar, endring i kundeåtfærd og teknologisk utvikling kan gje banken utfordringar i tida framover. Som ein bank som arbeider aktivt med å vere framtidsretta og som ynskjer å gjere oss attraktive for nye kundar, både i og utanfor primærmarknadsområdet, kan dette også gje oss moglegheiter. Med stort fokus på utvikling av gode tekniske løysingar, relevante initiativ og god service tek vi sikte på å vere ein attraktiv bank også for kundar utanfor primærmarknadsområdet i lang tid framover.

Rekneskapen er ikkje revidert.

## Resultat og balanse

Tal i heile tusen og i prosent av gj.snitt forvaltningskapital

RESULTATREKNESKAP	31.03.2019		31.03.2018		2018	
Renteinntekter og liknande inntekter	44.426	3,04 %	38.713	2,78 %	164.817	2,84 %
Rentekostnader og liknande kostnader	15.930	1,09 %	14.052	1,01 %	58.258	1,00 %
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>28.496</b>	<b>1,95 %</b>	<b>24.660</b>	<b>1,77 %</b>	<b>106.560</b>	<b>1,84 %</b>
Utbytte og andre inntekter av verdipapirer med variabel avkastning	868	0,06 %	1.904	0,14 %	26.511	0,46 %
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	8.944	0,61 %	9.773	0,70 %	37.703	0,65 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	879	0,06 %	597	0,04 %	2.624	0,05 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir	2.200	0,15 %	1.391	0,10 %	4.331	0,07 %
Andre driftsinntekter	62	0,00 %	134	0,01 %	404	0,01 %
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>11.195</b>	<b>0,77 %</b>	<b>12.606</b>	<b>0,91 %</b>	<b>66.325</b>	<b>1,14 %</b>
Personalkostnader	11.627	0,80 %	11.271	0,81 %	41.470	0,71 %
Administrasjonskostnader	6.347	0,43 %	6.134	0,44 %	27.446	0,47 %
Avskrivning mv. av varige driftsmidler og immatrielle eigedelar	789	0,05 %	806	0,06 %	3.218	0,06 %
Andre driftskostnader	3.624	0,25 %	4.538	0,33 %	13.153	0,23 %
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>22.387</b>	<b>1,53 %</b>	<b>22.748</b>	<b>1,64 %</b>	<b>85.287</b>	<b>1,47 %</b>
<b>Resultat før tap</b>	<b>17.304</b>	<b>1,18 %</b>	<b>14.518</b>	<b>1,04 %</b>	<b>87.598</b>	<b>1,51 %</b>
Tap på utlån, garantier m.v.	4.495	0,31 %	998	0,07 %	-4.570	-0,08 %
Skatt på ordinært resultat	2.977	0,20 %	2.868	0,21 %	17.338	0,30 %
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>9.832</b>	<b>0,67 %</b>	<b>10.652</b>	<b>0,77 %</b>	<b>74.830</b>	<b>1,29 %</b>

BALANSE	31.03.2019	31.03.2018	2018	Endring	
<b>EIGEDELAR</b>					
Kontantar og fordringar på sentralbankar	42.219	43.969	42.963	-1.750	-3,98 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	330.160	538.655	332.358	-208.495	-38,71 %
Brutto utlån til og fordringar på kundar	5.075.293	4.656.712	5.119.952	418.581	8,99 %
Nedskrivningar på individuelle utlån	13.175	12.146	9.195	1.029	8,47 %
Nedskrivningar på grupper av utlån	18.757	19.747	18.282	-990	-5,01 %
<b>Sum netto utlån til og fordringar på kundar</b>	<b>5.043.361</b>	<b>4.624.819</b>	<b>5.092.476</b>	<b>418.542</b>	<b>9,05 %</b>
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	136.057	135.931	136.000	127	0,09 %
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	257.253	247.498	194.621	9.755	3,94 %
Eigarinteresser i tilknytta selskap	75.159	75.159	75.159	0	0,00 %
Immatrielle eigedelar	955	891	955	64	7,15 %
Varige driftsmidler	27.879	30.254	28.271	-2.375	-7,85 %
Andre eigedelar	6.652	3.289	3.943	3.364	102,27 %
Forskottsbetalte ikkje påløpte kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	2.137	2.983	1.858	-846	-28,37 %
<b>SUM EIGEDELAR</b>	<b>5.921.831</b>	<b>5.703.447</b>	<b>5.908.603</b>	<b>218.384</b>	<b>3,83 %</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>					
Innskot frå og gjeld til kundar	4.374.544	4.126.812	4.356.245	247.732	6,00 %
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	618.203	716.854	631.152	-98.651	-13,76 %
Anna gjeld	27.528	28.539	28.624	-1.011	-3,54 %
Påløpte kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	7.684	6.437	8.415	1.248	19,38 %
Avsetjing for påløpte kostnader og forpliktingar	2.306	5.988	2.430	-3.682	-61,50 %
Ansvarleg lånekapital	50.066	50.069	50.070	0	0,00 %
<b>Sum gjeld</b>	<b>5.080.331</b>	<b>4.934.699</b>	<b>5.076.935</b>	<b>145.632</b>	<b>2,95 %</b>
Eigenkapital	831.668	758.096	831.668	73.572	9,70 %
Resultat av ordinær drift etter skatt	9.832	10.652	0	-820	-7,70 %
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>841.500</b>	<b>768.748</b>	<b>831.668</b>	<b>72.752</b>	<b>9,46 %</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>5.921.831</b>	<b>5.703.447</b>	<b>5.908.603</b>	<b>218.384</b>	<b>3,83 %</b>

Rekneskopen er ikkje revidert.

Lom, 31. mars 2019/ 02. mai 2019

I styret for SpareBank 1 Lom og Skjåk

Hans Ivar Kolden  
Styreleiar

Anne-Lise Marstein

Jo Trygve Lyngved

Sigbjørn Oppheim

Inga Gudrun Hyrve

Wenche Ritha Vilhelmsen

Unni Strand  
Adm. Banksjef

## Kvartalsoversikt

tal i 1000 kr	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018	1. kvartal 2018
<b>RESULTATREKNESKAP</b>					
Renteinntekter og liknande inntekter	44.426	43.738	42.114	40.253	38.713
Rentekostnader og liknande kostnader	15.930	14.644	14.721	14.841	14.052
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>28.496</b>	<b>29.094</b>	<b>27.394</b>	<b>25.412</b>	<b>24.660</b>
Utbytte	868	0	958	23.649	1.904
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	8.944	9.398	9.769	8.762	9.773
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	879	704	729	594	597
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir	2.200	83	1.891	967	1.391
Andre driftsinntekter	62	118	115	38	134
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>11.195</b>	<b>8.895</b>	<b>12.002</b>	<b>32.823</b>	<b>12.606</b>
Personalkostnader	11.627	13.869	9.824	6.506	11.271
Administrasjonskostnader	6.347	7.667	6.643	7.002	6.134
Avskrivning mv. av varige driftsmidler	789	798	812	803	806
Andre driftskostnader	3.624	3.192	2.605	2.818	4.538
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>22.387</b>	<b>25.525</b>	<b>19.885</b>	<b>17.129</b>	<b>22.748</b>
<b>Resultat før tap</b>	<b>17.304</b>	<b>12.464</b>	<b>19.511</b>	<b>41.106</b>	<b>14.518</b>
Tap på utlån, garantiar m.v.	4.495	-1.122	-1.939	-2.507	998
Skatt på ordinært resultat	2.977	4.257	4.979	5.234	2.868
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>9.832</b>	<b>9.329</b>	<b>16.471</b>	<b>38.379</b>	<b>10.652</b>

## Nøkkeltal

(tal i 1000)	31.03.2019	31.03.2018
<b>Lønsemd</b>		
Eigenkapitalavkastning før skatt	6,19 %	7,16 %
Driftskostnader i prosent av gj.snitt forv.	1,53 %	1,64 %
Driftskostnader i prosent av driftsinntekter	59,71 %	63,41 %
<b>Balansetal</b>		
Brutto utlån til kundar	5.075.293	4.656.712
Brutto utlån inkl. overført til SB1 Boligkreditt	6.600.803	6.086.212
Innskot frå kundar	4.374.544	4.126.812
Innskotsdekning	86,19 %	88,62 %
Utlånsvekst siste 12 mnd	9,0 %	2,3 %
Utlånsvekst siste 12 mnd inkl. SB1 Boligkreditt	8,5 %	4,3 %
Innskotsvekst siste 12 mnd	6,0 %	11,4 %
Utlån til næring inkl. SB1 Boligkreditt	2.228.007	1.865.797
Utlån til privat inkl. SB1 Boligkreditt	4.372.796	4.220.415
Forvaltningskapital	5.921.831	5.703.447
Forvaltningskapital inkl. SB1 Boligkreditt	7.447.341	7.132.947
<b>Tap og misleghald</b>		
Tap i prosent av brutto utlån	0,09 %	0,02 %
Misleghaldne engasjement av brutto utlån	0,05 %	0,38 %
<b>Likviditet</b>		
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	158 %	158 %
<b>Soliditet (etter forholdsmessig konsolidering)</b>		
Kapitaldekning	20,49 %	19,92 %
Kjernekapitaldekning	19,02 %	18,26 %
Rein kjernekapitaldekning	18,76 %	17,92 %
Uvekta kjernekapitaldekning	10,35 %	9,41 %
<b>Tilsette</b>		
Antall tilsette	54	53
Årsverk	53	52

## Kapitaldekning

<b>Grunnlag kapitaldekning</b>	31.03.2019	31.03.2018
Sparebankens fond	831.668	758.096
Sum egenkapital	831.668	758.096
Fradrag for direkte og indirekte investeringer i selskap i finansiell sektor	-132.079	-129.068
Sum ren kjernekapital	699.589	629.028
Sum kjernekapital	699.589	629.028
Ansvarlig lån	50.066	50.000
Fradrag for direkte og indirekte investeringer i selskap i finansiell sektor	-1.092	-1.131
Netto ansvarlig kapital	748.563	677.897
Risikovekta beregningsgrunnlag		
Kreditt-, motparts- og forringelserisiko	3.368.568	3.065.469
Posisjons-, valuta-, og varesisiko	-	-
Operasjonell risiko	289.714	279.494
Svekket kredittverdighet hos motpart (CVA-risiko)	183	224
Sum beregningsgrunnlag	3.658.465	3.345.187
Ren kjernekapitaldekning	19,12 %	18,80 %
Kjernekapitaldekning	19,12 %	18,80 %
Kapitaldekning	20,46 %	20,26 %
<b>Forholdsmessig konsolidering</b>	31.03.2019	31.03.2018
Ren kjernekapital	835.146	754.106
Kjernekapital	846.712	768.425
Ansvarlig kapital	912.075	838.165
Netto Beregningsgrunnlag	4.452.397	4.207.426
Ren kjernekapitaldekning med forholdsmessig konsolidering	18,76 %	17,92 %
Kjernekapitaldekning med forholdsmessig konsolidering	19,02 %	18,26 %
Kapitaldekning med forholdsmessig konsolidering	20,49 %	19,92 %
<b>Kapitalkrav</b>	31.03.2019	
Minstekrav	4,50 %	
Bevaringsbuffer	2,50 %	
Systemrisikobuffer	3,00 %	
Motsyklisk buffer	2,00 %	
Ren kjernekapitalkrav	12,00 %	
Kjernekapitalkrav	13,50 %	
Kapitaldekningskrav	15,50 %	
Pilar 2 kapitalkrav	2,50 %	
<b>Ren kjernekapitalkrav</b>	<b>14,50 %</b>	
<b>Kjernekapitalkrav</b>	<b>16,00 %</b>	
<b>Kapitaldekningskrav</b>	<b>18,00 %</b>	

Fra 31.12.17 er kravet til bevaringsbuffer 2,5 prosent, systemrisikobuffer 3,0 prosent og motsyklisk buffer 2,0 prosent. Finansforetak som omfattes av de nye reglene må fra 31.12.17 minst ha ren kjernekapitaldekning på 12,0 prosent, kjernekapitaldekning på 13,5 prosent og kapitaldekning på 15,5 prosent for å dekke minste- og bufferkravene.

Finanstilsynet har pålagt SpareBank 1 Lom og Skjåk å ha kapital utover minstekrav og bufferkrav (Pilar 2) tilsvarende 2,5% av beregningsgrunnlaget som risikoer som foretaket er utsatt for og som ikke, eller bare delvis, er dekket i minstekravet i Pilar 1. Pilar 2-kravet skal dekkes av ren kjernekapital

Sparebank1 Lom og Skjåk benytter standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Forholdsmessig konsolidering skal gjøres ved eierandeler i foretak i samarbeidende grupper. Konsolideringsreglene for samarbeidende grupper gjeldende fra 1. januar 2017 for foretak som har eierandel på 10 prosent og opp til 20 prosent, og fra 1. januar 2018 for eierandeler under 10 prosent. Sparebank1 Lom og Skjåk foretar forholdsmessig konsolidering fra og med 1. januar 2018 for eierandeler i SB1 Boligkreditt AS, SB1 Næringskreditt AS, SB1 Kredittkort AS, SB1 Finans Midt Norge AS og SamSpar Bankinvest AS (BN Bank). Pilar 2-kravet gjelder kun på foretaksnivå.

## Tap og misleghald

<b>TAP OG TAPSAVSETNINGAR</b>			
Tusen kroner	31.03.2019	31.03.2018	31.12.2018
Nedskrivningar på individuelle utlån	13.175	12.146	9.195
Nedskrivningar på grupper av utlån	18.282	19.747	18.282
Nedskrivning på garantiar	200	2.893	200
<b>Sum nedskrivninger</b>	<b>31.657</b>	<b>34.786</b>	<b>27.677</b>
Endring i nedskrivningar på individuelle utlån og garantier i perioden	3.969	-575	-6.332
+Endring i nedskrivningar på grupper av utlån i perioden	475	1.617	152
+Amortisert tap	52	27	212
+Konst.tap som det tidligare år er avsett nedskrivning på individuelle utlån for	0	0	2.646
+Konst.tap som det tidligare år ikkje er avsett nedskrivning på individuelle utlån for	268	59	1.009
Inngang på tidlegare konstaterte tap i perioden	-268	-130	-2.257
<b>Tapskostnader i perioden</b>	<b>4.495</b>	<b>998</b>	<b>-4.570</b>
<b>MISLEGHALDNE LÅN OG GARANTJAR</b>			
Tusen kroner	31.03.2019	31.03.2018	31.12.2018
Sum misleghaldne engasjement	2.301	17.736	4.135
Individuelle nedskrivningar	150	5.425	350
<b>Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>2.151</b>	<b>12.311</b>	<b>3.785</b>
Øvrige tapsutsette engasjement	29.956	29.293	26.992
Individuelle nedskrivningar	13.312	9.575	8.993
<b>Netto tapsutsette engasjement</b>	<b>16.644</b>	<b>19.717</b>	<b>17.999</b>



2686 LOM  
 Telefon: 61 21 90 00  
 Telefaks: 61 21 90 01

2690 SKJÅK  
 Telefon: 61 21 90 00  
 Telefaks: 61 21 35 01

2680 VÅGÅ  
 Telefon: 61 21 90 00  
 Telefaks: 61 23 94 51

2660 DOMBÅS  
 Telefon: 61 21 90 00  
 Telefaks: 61 21 90 05

[www.sbls.no](http://www.sbls.no)  
[bankpost@sbls.no](mailto:bankpost@sbls.no)